



Jobbnorge-ID: 116383

Søknadsfrist: Closed

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Seksjonssjef - Arboretet og Botaniske hager

Universitetsmuseet i Bergen har forskning, samlingsforvaltning og formidling som kjerneoppgåver. Museet har fagfelte antropologi, arkeologi, kunst- og kulturhistorie, botanikk, geologi og zoologi. Til museet ligg og ansvaret for utgravingsverksemda i medfør av Kulturminnelova, samt for Arboretet og to botaniske hagar. Universitetsmuseet har omfattande vitenskaplege samlingar og er eit nasjonalt formidlingssentrum. Museet har om lag 115 årsverk. Nærare informasjon om museet finn ein her: <http://www.uib.no/universitetsmuseet>.

Universitetsmuseet søker ein engasjert og initiativrik seksjonssjef for Arboretet og Botaniske hagar under Avdeling for naturhistorie. Seksjonssjefen er fagleg og administrativ leiar av seksjonen og rapporterer til leiar for Avdeling for naturhistorie.

Arboretet og Botaniske hagar inneheld tre ulike hageanlegg. På Milde, 23 km sør for Bergen, finn du Arboretet og Botanisk hage mens Muséhagen ligg i Bergen sentrum. På Milde utgjer anlegga til saman over 600 mål og her finns 5000 planteslag frå heile verda. Arboretet har Norges største rosesamling, Nordens største rhododendronsamling, lynghage og andre samlingar av treaktige plantar. Botanisk hage inneheld vitenskaplege samlingar av planteartar frå ulike delar av verda, med ein innhaldsrik fjellhage, ein nytteveksthage og ein japansk hage. Trua eller sårbare artar i norsk natur tas vare på i Botanisk hage. Muséhagen omkransar Naturhistorisk museum, i hjartet av Universitetet i Bergen. Hagen som tidlegare var museets botaniske hage, er nå eit freda kulturminne. Her fins bl.a. gamle historiske tre, ein alpehage, ein nytteveksthage og eit tropisk plantehus. I tillegg til hageanlegga, finst det på Milde eit veksthusanlegg for formeiring og dyrking, for overvintring av plantar frå dei ulike anlegga og for ivaretaking av historiske hageplantar.

Dei levande plantesamlingane vert brukt i forskning, formidling, undervising og rekreasjon. Her formidlast kunnskap om plantar og plantemangfald og behova for at mangfaldet vert tatt vare på. Alle hagane er godt lagt til rette for publikum med vegar og stiar og er godt besøkte gjennom heile året.

Den fremste oppgåva til seksjonen er å forvalte dei levande samlingane slik at dei kan nyttast i forskning og formidling og utvikla samlingane gjennom forskingsverksemd. Innsamling og fornying er derfor viktige oppgåver, inkludert internasjonalt frøbyte og eigen Index seminarum. Arboretet og Botaniske hagar har 22 fast tilsette. Av desse er tre vitenskaplege stillingar. I sommarsesongen er det ein del mellombels tilsette i anlegga. På Milde samarbeider ein tett med Stiftelsen Det Norske Arboret. Du kan lese meir om seksjonen og verksemda på <http://www.uib.no/arboretet>.

Arbeidsoppgåver

Seksjonssjefen skal leie det faglege og administrative arbeidet i samsvar med Avdeling for naturhistorie og Universitetsmuseet sine overordna mål. Med ei brennande interesse for botanikk skal du leie arbeidet med å utvikle faglege mål og bidra til å utvikle vidare forskings-, forvaltings- og formidlingsaktiviteten ved seksjonen og på denne måten leie, motivere og utvikle medarbeidarane for å oppnå gode resultat. Til stillinga ligg det personalansvar, resultat- og budsjettansvar samt ansvar for langsiktig planlegging, koordinering og oppfølging. Du skal ta del i forvaltning og formidling ved seksjonen, i rådsmøter, på leiarseminar og i leiaropplæring.

Kvalifikasjonar

Du må ha PhD/Dr. grad i botanikk, fortrinnsvis systematisk botanikk/taksonomi, og noko erfaring som forskar. Noko kunnskap om nordisk flora og praksis frå relevant arbeid i botaniske hagar er ønskeleg. Du må ha leiarerfaring og det er ønskeleg med erfaring frå økonomi- og budsjettarbeid. Erfaring frå anna museumsarbeid som til dømes formidling, samlingsforvaltning og databasar er ein føremon.

Personlege eigenskaper

Du må like å jobbe i team, ha gode kommunikasjons- og samarbeidsevner og kunne leie andre i arbeidet, samtidig som du kan jobbe sjølvstendig. Du må vere motivert og opptatt av å finne gode løysingar. Du må kunne prioritere i ein travel kvardag samstundes som du jobbar mot langsiktige mål.

Vi tilbyr eit hyggeleg, utfordrande og til tider hektisk arbeidsmiljø i flotte omgjevnader, løn som seksjonssjef (kode 1211) lønssteg 65-72 (etter kvalifikasjonar). For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det vurderast høgare løn.

Pensjonsordning i Statens Pensjonskasse, stilling i ei IA-verksemd, og gode velferdsordningar. Her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: <http://www.uib.no/poa/karriere-ved-uib/>

Utfyllande opplysningar kan ein få frå fungerande avdelingsleiar for Avdeling for naturhistorie Kari Loe Hjelle, telefon 55583323, mob 97557123, epost kari.hjelle@uib.no eller frå fungerande seksjonsleiar Siri Skretting Jansen, telefon 55582081, mob 41479215, epost siri.jansen@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinjer som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk via www.jobbnorge.no til Universitetet i Bergen. Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom søkjaren får melding om det.

Søknadsfrist: 15.09.2015

Søknaden skal merkast: 15/8134

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: